

## Skjøtselsplan for Ornes Del I



Ingunn Bårtvedt Skjerdal  
Siri Wølneberg Bøthun



<i>Tittel: Skjøtselsplan for Ornes; Del 1</i>	<i>Rapportnr: - 2013</i>
<i>Forfattar: Ingunn Bårtvedt Skjerdal og Siri Wølneberg Bøthun</i>	<i>Dato:03.06.2013</i>
<i>Referanse: Skjerdal, I. B. og Bøthun, S. W. 2013. Skjøtselsplan for Ornes; Del 1. Aurland naturverkstad rapport – 2013.</i>	
<i>Oppdragsgjevar: Samarbeidsutvalet for Sørsida</i>	<i>Kontaktperson oppdragsgjevar: Marianne Bugge</i>
<i>Forsideillustrasjon: Urnes stavkyrkje er ein del av eit heilskapleg kulturlandskap med stor kulturhistorisk djupne.</i>	<i>Emneord:</i> <i>Skjøtselsplan</i> <i>Kulturlandskap</i> <i>Kulturminneforvaltning</i>
<i>Produsert av:</i> Aurland Naturverkstad AS Postboks 27 5741 Aurland Tlf. 57 63 36 29, Fax: 57 63 35 16 e - post: <a href="mailto:post@naturverkstad.no">post@naturverkstad.no</a> <a href="http://www.naturverkstad.no">www.naturverkstad.no</a>	

## **Forord**

Urnes Stavkyrkje, på Ornes i Luster ligg i eit kulturlandskap med ei stor tidsdjupne. Ho vert ein del av dette landskapet, og opplevinga av landskapet i seg sjølv er viktig for korleis ein oppfattar kyrkja som kulturminne. Ikkje minst er landskapsopplevinga vesentleg for at kyrkja får den rolla i det visuelle inntrykket av staden som ho fortener.

Samarbeidsutvalet for sørsida har teke initiativ til ein plan som kan hjelpe til med å få kyrkja fram i landskapet. Planen gjev gje råd for korleis heile kulturlandskapsområdet Ornes kan stå fram som velstelt, og gje ei positiv oppleving for besøkande og skape stoltheit over sitt eige område hjå lokalsamfunnet.

Rapporten er utarbeidd av landskapsforvaltar/arealplanleggjar Ingunn Skjerdal Bårtvedt, og landskapsforvaltar/biolog Siri Wølneberg Bøthun i samarbeid med prosjektleiar Marianne Bugge frå Samarbeidsutvalet for sørsida. Denne rapporten er den første av to rapportar. Den omhandlar dei areala som ligg i siktelina mellom fjorden og kyrkja med omgjevnadar. Hovudrapporten vil ta føre seg eit større areal, og fangar opp heile Ornes.

Fresvik 03.06.2013

Siri Wølneberg Bøthun

## **Innhald**

<b>Forord .....</b>	<b>ii</b>
<b>Innhald.....</b>	<b>iii</b>
<b>1 Innleiing .....</b>	<b>1</b>
<b>2 Metode .....</b>	<b>1</b>
2.1    Kunnskapsinnsamling .....	1
2.2    Utforming av skjøtselsplanen .....	1
2.3    Inndeling i delområde .....	2
<b>3 Tiltaksplan.....</b>	<b>2</b>
3.1    Mål for skjøtselsarbeidet og prioriteringar .....	3
3.1.1    Restaurering .....	3
3.1.2    Beiting.....	4
3.1.3    Gjengroingsartar og problemartar .....	4
3.1.4    Utføring av ulike skjøtselstiltak.....	4
3.2    Skjøtsel av vegetasjon; landskap, kulturmiljø og naturmangfald.....	5
<b>4 Referansar.....</b>	<b>22</b>



## **1 Innleiing**

Dette framlegget til skjøtselsplan gjeld eit avgrensa område på Ornes, og dekkar dei arealet som er aller viktigast for opplevinga av kyrkja som ein del av eit heilskapleg kulturlandskap. Området strekk seg frå sjøen og opp til Øvre Urnes, inklusive innmark og beiteareal ovanfor kyrkja. Rapporten er første del av ein skjøtselplan for heile Ornes (Bøthun og Skjerdal, in. prep). Avgrensinga går fram av skjøtselkartet.

For ei generell skildring av Ornes i høve natur- og landskapstilhøve, historisk bakgrunn og tidlegare bruk og kulturminne syner me til landskapsanalysen i Fagrapport for områdeforvaltning av Ornes (Bårtvedt 2009). Hovudrapporten (Skjøtselsplan for Ornes del I og del II, in prep.) vil også gje ei meir generell skildring av naturmangfald og vegetasjonsbilete.

## **2 Metode**

Ved utarbeidning av framlegget til skjøtselsplan for Ornes har vi hatt fokus på landskapsopplevinga. Hovudintrykket på Ornes er at dette er eit område med aktivt jord- og hagebruk. Tilrådingane til skjøtsel legg vekt på å framheve Ornes som aktivt jordbruksområde med ein mangfald i produksjon. Tilrådingane til skjøtsel legg vekt på å framheve dei kulturhistoriske og ivareta dei biologiske verdiane.

### **2.1 Kunnskapsinnsamling**

Kunnskapsgrunnlaget for planen er koment fram gjennom skriftlege kjelder, samtale med lokalkjende, møter med grunneigarar og prosjektleiarar og synfaringar i felt sommaren 2011, supplert med notat frå synfaringar gjennomført i samband med skjøtselsplanen sin del II, sommaren 2012. Dei viktigaste skriftlege kjeldene er Aurland Naturverkstad sin rapport frå 2009 (Skjerdal 2009) og Liv Norunn Hamre sitt doktorgradsarbeid (Hamre 2007 og 2009).

### **2.2 Utforming av skjøtselsplanen**

Ved framlegg til skjøtselsmål og tiltak har vi lagt vekt på:

- Siktelinjer i landskapet, stikkord her er Urnes stavkyrkje, kontakt med fjorden, Ragnvaldshaugen og Skiphaugen.
- Opplevinga av aktiv drift
- Kulturlandskapsstrukturar

#### *Kantsoner*

I eigedomsgrensene er det ofte breie kantsoner som ikkje vert skjøtta. Det får vokse opp tre og anna vegetasjon. Mange av steinstrukturane ligg i denne sona, steingardar, bakkemurar og rydningsrøyser. Ved å drive aktiv skjøtsel av kantsonene vil mange steinstrukturar kome fram. Dette er ofte flotte byggverk. Desse kulturminna representerer fleire historiske tidsepokar. Dei kan få fram den historiske dimensjonen i landskapet på Ornes.

#### *Store tre*

Gamle foto frå Ornes syner at store tre har vore viktige element i jordbrukslandskapet. Det er det også i dag. Det er behov for ein gjennomgang av eksisterande store tre på Ornes og å vurdere kva for

tre som skal få stå og kva for tre som bør fjernast. Vi kjem med tilrådingar i planen. Når tre skal få vekse seg store er det viktig at dette er eit gjennom tenkt val:

- Kan treet vekse seg stor utan at det vil verke på siktene frå fjorden til kyrkja og frå vegen til fjorden?
- Store tre bør fristillast i høve anna vegetasjon slik at det kjem godt fram i landskapet.

#### *Prinsipp for skjøtsel*

Områda som har behov for skjøtsel, er ved sidan av kantonene, område som ikkje lenger har aktiv landsbruksdrift i form av hausting (dvs. sett bort frå areal som vert nytta til beite). Effektiv skjøtsel i desse områda er skjøtsel ved beiting, kombinert med mekanisk rydding.

For einskilde område med viktige biologiske verdiar er ljåslått tilrådd som skjøtsel. Dette gjeld svært avgrensa område med høy biologisk verdi og lang driftskontinuitet.

### **2.3 Inndeling i delområde**

I samband med utarbeidning av fagrapport for områdeforvaltning av Ornes vart området delt inn i delområde. Det er hensiktmessig å nytte denne inndelinga vidare i samband med skjøtselplanen. For å få ein praktisk tilnærming til skjøtselen er kvart delområde igjen delt inn i mindre teigar. Kvar teig har fått sine spesifikke tilrådingar og ønska tilstand som mål for skjøtselen. Det er ikkje teke omsyn til eigedomsgrenser ved inndelinga av skjøtselsteigene.

Måla for dei einskilde skjøtselområda er sett ut i frå ønskje om å halde kulturlandskapet på Ornes i hevd.



### **3 Tiltaksplan**

Tiltaksplanen er basert på beiting som ein del av skjøtselsarbeidet. Det vil vere ein føremon for skjøtselsarbeidet om ein kan ta i bruk beitedyr som ein del av skjøtselsarbeidet på Ornes. Bruk av beitedyr krev at det vert sett opp gode gjerde mellom område som skal beitast og andre område. Sjølve skjøtselen vert då mindre innsatskrevjande.

Det er sjølv sagt mogleg å drive skjøtsel utan bruk av beitedyr. Dette vil vere krevjande i den forstand at ein må vere villig til å bruke tid på manuell rydding. Det er også svært viktig at dersom ein set i gang rydding, så må ein følgje opp arbeidet som er sett i gang med årvis skjøtsel, kanskje fleire gonger i løpet av vekstsesongen.

### **3.1 Mål for skjøtselsarbeidet og prioriteringar**

All skjøtsel og ev. anna tilrettelegging skal skje etter avtale med grunneigar.

Når ein har sett i gang med skjøtsel er det svært viktig at rydding av tre vert følgd opp med beiting og/eller slått same året som ryddinga er gjennomført.

#### **3.1.1 Restaurering**

- rydding av busker og kratt
  - o begynn med busker og kratt som kan takast om sommaren i kombinasjon med beiting – få oversikt over området
  - o buskene må kappast så låge som mogleg
- hogst bør skje manuelt
  - o helst på frossen, snødekt mark
  - o stubben skal være så lav som mogleg
- fjerning av ved og avfall
  - o Alt avfall må fjernast med ein gong. Dette er enklast ved brenning
  - o Ved brenning følg anbefalt framgangsmåte i Skjøtselboka



*Figur 1 Busker, kratt og høg vegetasjon skjuler mange av steinstrukturane i landskapet.*

### **3.1.2 Beiting**

- Ved vegetasjon i **tre-stadiet** må beiting kombinerast med manuell rydding
- Dersom effekten av beiting skal være effektiv på gjengroingsartane er det viktig med høgt beitetrykk heile beiteperioden, men spesielt tidleg i sesongen og utover hausten.
- Styrt beiting i område 1 er aktuelt, målet er å få eit høgt beitetrykk i eit avgrensa område.
- Det kan være naudsynt å supplere beiting med å rydde busker og planter som dyra ikkje eter, sjå kap 4.3.3)
- Både geit og vill sau er tilrådd som dyreslag for gjennomføring av beiting. Dei vil kunne gjere ein god jobb ved beiting av området.
- Det vil vere behov for **gjerde** i samband med beiting. I og med at Nåli er eit viktig turmål vil også val av grinder vere viktig. Geiter set særskilde krav til gjerde. Til geiter vert det tilrådd å nytte permanent elektrisk gjerde med 3-4 trådar i høgda og sjølvlukkande grinder. Til sau kan ein redusere talet trådar til to, med omsyn til grinder kan ein velje slusegrind.
- Målt på kartet vil lengda på eit gjerde vere om lag 900 m, på grunn av at dette er skrånande terrenget, vil gjerdet verta lenger i terrenget.
- Vasstilgangen er svært viktig med omsyn til beiting som skjøtselstiltak.

### **3.1.3 Gjengroingsartar og problemartar**

- Artar som einstape, hundegras, skogstorkenebb, mjødurt, bringebær og sølvbunke.
  - o Start beiting rett etter hogst med høgt beitetrykk
  - o Beit lenge utover hausten slik at det er lite dødt gras igjen til våren
  - o Sauer er spesielt gode til å beite mange av problemartane
  - o Mjødurt, hundekjeks og brennesle bør fjernast ved slått fleire gonger i løpet av sommarsesongen (før frøsetting)
- Or har rotutløparar og hogst av or vil føre til mange rotskot (20-30 pr stubbe). Or bør ringbarkast, dersom området vert beita av geit vil dei ta rotskota.

### **3.1.4 Utføring av ulike skjøtselstiltak**

Generelt vil vi vise til nyttige tips og råd som kjem fram i boka " Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker" (Norderhaug et. al 1999). Her blir det gjeve gode råd både i forhold til spesifikke problemartar og generelle råd for skjøtsel på ulike kulturmarkstypar. Husdyrrasar, reiskapstypar, beste tidspunkt for ulike tiltak, bruk av gjødsel og andre tema blir omtalt. Ved planlegging og gjennomføring av skjøtsel blir det tilrådd at boka blir konsultert.

### **3.2 Skjøtsel av vegetasjon; landskap, kulturmiljø og naturmangfald**

Dei tilrådde skjøtselstiltaka fyljer delområde inndelinga av Ornes gjort på grunnlag av landskapsanalysen i «Fagrapporrt for områdeforvaltning av Ornes i Luster kommune», utført av Aurland Naturverkstad i 2009 (Skjerdal 2009).

#### **1. Laberg, ferjekaia.**



*Figur 2 Førsteinntrykket*

Innfallsporten til Ornes frå sjøen med autentisk naustmiljø, og naturleg strandeng. Området treng generell rydding på fellesareal, det er mykje som står lagra i området.

Utviklingsmål:

- Ta vare på den naturlege stranda framfor nausta.
- Skjøtte kantsona bak nausta, rydde busk og trevegetasjon

	<b>Namn</b>	<b>Arealtype</b>	<b>Skjøtselsmål</b>
1a	Laberg strandsone med naust	Naturleg strand	Naturleg strand
1b	Ferjekai	Infrastruktur	
1c	Laberg - Steinstrand	Steinstrand	Badestrand

#### *1a – Laberg strandsone med autentisk naustmiljø*

Naturleg strand med svaberg mot vest. Det er ønskjeleg å skjøtte vegetasjonen og halde den utan busk og trevegetasjon. Dette er spesielt viktig inntil, mellom, bak og framfor nausta. Vegetasjonen kan slåast 1 gong tidleg i sesongen.

Det er og ønskeleg med rydding av rekved. Dersom rekved vert liggande på staden å rotne gjev det næring til næringskrevjande artar.

#### *1b – Ferjekai*

Kantsonene skal skjøttast og haldast fri for busker og store tre.

#### *1c - Steinstrand*

I området er det planar om etablering av badeplass for Ornes. Det er ønskjeleg å skjøtte kantsona og halde den utan busk- og trevegetasjon.

## **2. Nedre Urnes**



*Figur 3 Flott, stor eik i teig 2g. Bør fristillast.*

#### *Områdekarakter*

Jordbruksområde med allsidig og aktiv drift med lange historiske tradisjonar

#### *Utviklingsmål:*

- Ta vare på og vidareutvikle preget som aktivt jordbruksområde med gras- og fruktproduksjon.
- Fristille Skiphaugen
- La kulturlandskapselement kome fram i landskapet.

	Namn	Arealtype	Skjøtselsmål
2a	Innmark Nedre Urnes	Jordbruksområde – eng, frukthage	Jordbrukslandskap
2b	Busetnad Nedre Urnes	Hage – gravhaug	Bevaring av kulturminne – hagar
2c	Innmark nord for Nedre Urnes	Jordbruksområde – eng	Jordbrukslandskap
2d	Innmark nord for tun Nedre Urnes	Jordbruksområde – eng	Jordbrukslandskap
2e	Tun - Nedre Urnes	Tun - kulturminne	Tun
2f	Innmark Nedre Urnes	Jordbruksområde – frukthage	Jordbrukslandskap
2g	Stor eik øy i innmark	Åkerholme	Ta vare på og fristille den store eika
2h	Steinstrand		Steinstrand utan store tre
2i	Kantsoner	mellom fv og jordbruksareal	Kantsone med einskilde store tre
2j	Kantsone	Mellom fv og kommunalveg	Kantsone med einskilde store tre
2k	Innmark Nedre Urnes	Jordbruksområde - frukthage	Jordbrukslandskap

### *2a, 2c, 2,d, 2f, og 2k    Nedre Urnes - vegetasjonsutvikling i jordbrukslandskapet*

Område med grasproduksjon og fruktproduksjon i dag. Denne bruken bør halde fram.

Jordbruksproduksjonen i området er viktig for landskapsopplevelingen og det er viktig at produksjonsareala for frukt vert oppretthalde. Områda med grasproduksjon kan i framtida inngå i fruktproduksjon. Omsynet til landskapsverknad bør vektleggast dersom ein vurderar å nytte dyrkingsformer som fører til tildekking av frukttrær og bærbuskar med plasttelt.

I området med frukthagar vert det anbefalt å gjennomføre slått 1 til 2 gonger i sesongen. I samband med slåtten er det viktig og slå kantane mot veg, hage, kantsoner og kulturminne som steingardar. Steingarden sør i i område 2f er viktig å rydde fram ved å fjerne busker og tre og skjøtsel av anna vegetasjon ved slått.

### *2b – Bustader og private hagar med gravhaug - Skiphaug*

I dag er vegetasjon nytta som skjerm mot innsyn i hagen på gnr 183 bnr 60. Skiphaug er eit kulturminne med allmenn interesse, gravhaugen er ein av to gravhaugar som markerar Ornes. Haugen ligg i ein privat hage. Det er ønskeleg at gravhaugen er synleg i landskapet. For delar av hagen kan vegetasjon nyttast som skjerm mot innsyn. Men det er også ønskeleg at noko vegetasjon vert fjerna slik at sikten frå vegen til gravhaugen vert ivaretakken både frå oversida nedsida av huset.

### *2g – Åkerholme med stor eik*

Den store eika i området er svært markert og den har ein viktig plass i landskapsbiletet. Det er ønskeleg å oppretthalde denne åkerholmen med det store eiketreet. Anbefalt skjøtsel vil vere å fjerne annan busk- og trevegetasjon på åkerholmen og elles gjennomføre slått 1 gong sein i vekstsesongen.

### *2g- Steinstrand*

Det er ønskjeleg å skjøtte kantsona og halde den utan busk- og trevegetasjon.

### *2i og 2j - Kantsone mellom fv og jordbruksareal*

Kantsonene veks til med busker og tre. I områda er rettstamma bjørk og furu satt igjen. Grunnen til at det er sett att bjørk og furu i området er at grunneigarane driv ei sag og desse trea vert nytta som trevirke til saga.

Område 2i ligg mellom vegen som held fram til langs fjorden mot båtbyggeriet og Kinsedalen og vegen opp til Urnes stavkyrkje. I området bør vegetasjonen haldast låg, men det kan settast att

einskilde rettstamma tre som kan vekse seg store. Siktelinjene mot Ragnvaldshaugen og fjorden er viktige. Undervegetasjonen bør haldast låg.

Område 2j er eit inneklemt restareal med tre og buskvegetasjon. Arealet bør ryddast og etablerast som beitemark. Einskilde tre av bjørk og søyleforma einer kan settast att, men ikkje så mykje at det sperrer for utsikten og kontakten frå vegen mot fjorden. Siktlinjene mot Ragnvaldshaugen er viktige.

### 3. Vegkryss og parkering



Figur 4 Opparbeid parkeing og informasjonspunkt

#### Områdekarakter

Trafikknutepunkt med noko uklår avgrensing

Utviklingsmål:

- Eit definert velkomstområde til Urnes med parkering, informasjon og moglegheit for parkering
- Skjøtsel av kantsoner slik at kontakten mot sjøen vert ivareteke

	Namn	Arealtype	Skjøtselsmål
3a	Parkering og info	Infrastruktur	
3b		Kantsone	Kantsone med einskilde store tre

#### 3a parkering og info

Området er opparbeidd i 2009 – 2010. Dei nye skråningar er sådd til. Dei nye skråningane må etter kvart skjøttast med slått ein gong i året, litt seint i vekstsesongen.

Siktlinjene frå området og mot Ragnvaldshaugen er viktig, det same gjeld sikten frå området og opp mot Heggteig og Øvre Urnes.

### 3b - kantsone

Kantsona veks til med busker og tre. I området er rettstamma bjørk og furu satt att, medan graset vert halde nede. I området bør vegetasjonen haldast låg, men det kan settast att einskilde rettstamma tre som kan vekse seg store, siktelinjene mot Ragnvaldshaugen og fjorden er viktige. Undervegetasjonen bør haldast låg.

## 4. Høgesteinen



Figur 5 Området nedanfor Høgesteinen skjular bautaen fullstendig nedanifrå, og kamuflar han ovanifrå.

### Områdekarakter

Frodig lauvtreområde i rask attgroing.

### Utviklingsmål:

- Opne opp området
- Etablere området som beitehage med einskilde tre og grupper tre.
- Sikre sikt oppover mot Øvre Urnes og nedover mot nedre Urnes. Området er i dag ein visuell barriere.
- La kulturlandskapselement kome fram i landskapet.

	Namn	Arealtype	Skjøtselsmål
4a	Høgesteinen -	Beitemark - attgroing	Tresett beitemark
4b	Bustadar		

#### *4a Vegetasjonsutvikling i gjengroingsområde - Tresett beitemark*

Området har kome langt i attgroing. Landskapsmessig er dette eit viktig område. Målet med skjøtsel i området vil vere å stoppe attgroinga og opne opp slik at ein kan sjå einkelt tre og grupper av tre samtidig som feltsjiktet kjem fram. Einskilde større tre kan settas att, saman med søyleforma einer og rettstamma bjørk. Gjennom området går det ein steingard, langs denne går ein gamal ferdsselsveg opp mot øvre Urnes. Denne vegen gjekk forbi Høgasteinen.. Det er eit mål å få sikt frå Nedre Urnes og oppover mot Hegteig og Øvre Urnes, samtidig som ein kan få sikt frå oversida og nedover. Området bør ikkje ha busker og kratt. Nokre tre kan velgast ut for å få vekse seg store. I området vert det anbefalt skjøtsel ved beite kombinert med mekanisk rydding.

Innslag av bartre som gran og furu bør på sikt fjernast frå området.

Det hadde vore ein føremon om det etablerte masseuttaket kan avsluttast og flyttast til ein anna plass som er mindre eksponert.

#### *4 b - Bustadar*

Bustadar med hagar.

#### *Kulturminne –*

- Rester av den gamle ferdssels vegen
- Steingard
- Steingard med kontinuitet frå før 1865

### **5. Lindestigen**



*Figur 6 Utsnitt frå delområde Lindestigen.*

### Områdekarakter

Ope jordbrukslandskap med bustader og vidt utsyn.

#### Utviklingsmål:

- Ta vare på preget som aktivt jordbruksområde med gras-, frukt- og bærproduksjon.
- Område med attgroat skal skjøttast aktivt slik at dei framstår som beitemark.
- Framheve viktige kulturlandskapselement ved skjøtsel av kantonene

	<b>Namn</b>	<b>Arealtype</b>	<b>Skjøtselsmål</b>
5a	Gamle skulen og bustader	Hus og private hagar	
5b	Restareal – ute av bruk	Restareal i attgroat	Beitemark med tre/grupper av tre
5c	Innmark – frukthage – eple	Jordbruksområde	Jordbrukslandskap
5d	Innmark - grasproduksjon	Jordbruksområde	Jordbrukslandskap
5e	Bustad	Privat bustad og hage	Stell av private hagar
5f	Innmark – frukt-/bær- og grasproduksjon	Jordbruksområde – gras-/frukt-/bær	Jordbrukslandskap
5g	Bedehuset		
5h	Innmark – frukthage – eple	Jordbruksområde	Jordbrukslandskap
5i	Innmark – frukt og bærproduksjon	Jordbruksområde	Jordbrukslandskap
5j	Restareal	Restareal i attgroat	Beitemark med tre/grupper av tre
5k	Fritidsbustad		

#### 5c, 5d, 5f, 5h og 5i Lindesteigen vegetasjonsutvikling i jordbruksområde

I området er det gras-, frukt- og bærproduksjon. Denne produksjonen bør halde fram og vidareutviklast. Frukthagane har tre med ulik alder og det er produksjon av eple og moreller. Det er også eit område med produksjon av hageblåbær.

Kantonene mot veger og kulturlandskapselement er viktige. Langs eigedomsgrensa i område 5h går ein kraftig steingard, denne er eit viktig kulturlandskapselement. Muren er i stor grad skjult av bringebærkjerr og anna kratt. Store tre må fjernes og steingardar må fristillast. Det må slås heilt inntil steingardane

#### 5a, 5e, 5g og 5k – Lindestigen bustadar og hagar

Bustadar med hagar.

#### 5b og 5j – restareal

Område som ikkje er nytta i landbruksproduksjon i dag. Det er eit mål å opne opp områda og framheve kulturlandskapselement i området. Busker og kratt bør fjernast og feltsjiktet beitast i vekstsesongen.

#### Kulturhistoriske spor

Bakkemur i nedkant av den store enga 5d på nedsida av vegen er intakt. Denne er eldre enn 1865.

## 6. Øvre Urnes / Urnes stavkyrkje



Figur 7 Velkommen til kyrkjes

### Områdekarakter

Stavkyrkja med tilhøyrande klyngetunstrukturar.

	Namn	Arealtype	Skjøtselsmål
6a	Kyrkjegarden	Gravlund	Gravlund
6b	Innmark kring kyrkja	Eng og bringebærfelt (Jordbruksområde frukt og grasproduksjon)	Jordbrukslandskap i hevd, sikre siktelinjer
6c	Tun øvre Urnes aust	Gardstun	
6d	Tun øvre Urnes nord	Gardstun	
6e	Innmark øvre Urnes	Frukthage	Jordbrukslandskap i hevd
6f	Tun øvre Urnes vest	Gardstun	
6g	Tun øvre Urnes vest	Gardstun	
6h	Innmark øvre Urnes	Gras/bærproduksjon, tre og busksette kantsonar	Jordbrukslandskap i hevd, sikre siktelinjer
6i	Innmark øvre Urnes		Jordbrukslandskap i hevd, sikre siktelinjer

### 6a Kyrkjegard med gravlund

Teigen består av gravlunden kring kyrkja. Ein kyrkjegardsmur omkransar heile gravlunden. Feltsjiktet er skjøtta som plen. Det står fire store bjørketre langs innsida av muren. Det sørlegaste av trea hindrar innsyn til kyrkja frå fleire plassar. Store tre kan oppfattast som positive element på ein kyrkjegard. Men dette eine tek for mykje merksemd vekk frå kyrkja, som er hovudattraksjonen. Det

vert difor tilrådd å fjerne dette. Dei tre andre bjørkene kan stå i høve landskapsomsyn, dei er positive element i landskapsopplevinga. Men ein bør vurdere om rotssistema kan verte til fare for kyrkjegardsmuren. Muren er heilt fristilt frå innsida. Langs ytterkanten kjem det opp nokre småbuskar og lågt kratt med ujamne mellomrom. Dette bør ryddast heilt vekk.

#### *6b Innmark kring kyrkja*

Dette delområdet er svært viktig for opplevinga av kyrkja som kulturminne og av staden som eit levande og aktivt drive kulturlandskap. Det bør ikkje ligge brakmark eller ustelte kantsonar i desse teigane. Dersom ein ynskjer å plante eller sleppe opp nye tre må ein først vurdere den visuelle verknaden av dette treet frå mange avstandar. Tre som vil sperre innsikt til kyrkja frå fjorden eller langs aksen kaia - øvre Urnes bør ikkje få vekse opp.

Vegen mot slåttemark og utmark ovanfor kyrkja deler denne teigen i to. På nedsida av vegen ligg eit dyrkingsfelt med bringebær. På oversida av vegen ligg ein mindre "engrest" skjøtta som plen, ei graseng og nok areal med grasvekst ute av drift.

Noko av denne innmarka vert avgrensa av ein mur/steingard som ligg i eigedomsgrensa.

Muren opplevast i landskapet som ei forlenging av kyrkjegardsmuren nordover (på andre sida av utmarksvegen) og sørover.

Desse er i stor grad tilvakse av bringebær.

I utkanten av innmarksteigane, og dels på mark ute av drift kjem det opp noko kratt. Av dette er ein god del ask. Eit av trea er oppstamma og ber preg av å vere stelt.

Tilrådingar:

- Gjenoppta slått på alt engareal
- Fristille murane som ligg i eigedomsgrensene
- Slå arealet som er ute av drift (som t.d. det vesle arealet rett over parkeringsplassen) og grasmark mellom bringebærfeltet og eigedomsgrensa
- Fjerne tre som hindrar innsyn til kyrkja (sjå detaljkart)
- Fjerne unge tre og krattoppslug for å gje eit meir stelt preg (minst dei som er vist i detaljkartet under)





#### *6c, 6d, 6f og 6g tun Øvre Urnes*

Tilrådd å fjerne unge tre som står langs gjerde og steinmurar.

Tilrådd å fjerne tre som er høgare enn 2,5 m mellom besøkssenteret og hjortefarmen.

Aust for vegen, like under parkeringsplassen i område 6d står ei stor ask. Saman med hushjørnet på driftsbygningen til bnr. 39 dannar dette treet ein portal opp mot kyrkja og besøksområdet. Dette gjev ei positiv oppleving, og dette treet bør få stå. Nedanfor denne, austover, kjem det nye asker. Desse bør ikkje få vekse opp.

#### *6e, 6f, og 6i innmark Øvre Urnes*

Fulldyrka areal med frukt, bær eller grasproduksjon. Aktiv drift, og gjennom det eit skjøtta preg er hovudmålet i desse teigane. Det bør ikkje sleppast opp nye tre som vert høgare enn frukttrea.

#### Tilrådingar:

- Fristilling av muren i eigedomsgrensa
- Tresjiktet bør haldast lågt (ikkje over dagens frukttrehøgd) bortsett frå nokre veletablerte, større tre.

## 7 Heggteig



Figur 8 Aktiv produksjon i delområde 7.

### Områdekarakter

Aktivt jordbruksområde

### Utviklingsmål:

- Ta vare på preget som aktivt jordbruksområde med gras-, frukt- og bærproduksjon.
- Rydde einskilde store tre som tek sikten frå fjorden til Urnes stavkyrkje
- Framheve Høgasteinen som kulturminne

	Namn	Arealtype	Skjøtselsmål
7a	Innmark	Jordbruksareal - bærproduksjon	Jordbrukslandskap
7b	Kantsone	Kantsone i attgroing	Open beitemark
7c	Hegteig tun		

### 7a - Bringebærfelt

I området er det bærproduksjon. Denne produksjonen bør halde fram og vidareutviklast.

Eit mindre område med grasproduksjon mot sør ser ut til å gå ut av bruk, i dette området bør ein halde fram med slått. Kantane i området, og spesielt mot område 4, veks att med mykje bringebærris.

Høgasteien sørvest i området er eit kulturminne, den er truleg reist i yngre romartid / folkevandrings-tid (400/500 e.Kr.). Steinen står truleg på sin opphavlege plass. Tre som står nær bautasteinen og

mellan bautasteinen og fjorden bør fjernast. Vegetasjonen rundt Høgesteinen bør skjøttast ein gong i løpet av vekstsesongen.

#### *7b – Kantsone*

I kantsona står det to store askar. Når ein er på fjorden t.d. kjem med ferja til Ornes og står og speidar etter Urnes stavkyrkje kjem desse askane ofte i vegen. Det er flotte tre med store og vide kroner som skyggar for sikta til kyrkja. Begge desse trea kunne med fordel vore fjerna. Dersom det er aktuelt å fjerne berre eit av dei må den sørlegaste fjernast. I dette området vert vegetasjonen også nytta om skjerming mellom vegen og bringebærfeltet. Det er ein grei måte å nytte vegetasjonen på dersom det vert utført skjøtsel og den ikkje får vekse seg for stor.

#### *7c – Heggteig tun*

### **8. Hjortefarmen**



*Figur 9 Frå hjortebeite.*

#### *Områdekarakter*

Tradisjonell kulturmark, med intensiv beiting

	<b>Namn</b>	<b>Arealtype</b>	<b>Skjøtselsmål</b>
8a	Hjortefarmen eng	Open beitemark	Open beitemark

#### *8a Hjortefarmen eng*

Arealet er ope, her er ingen spesifikke problemområde i høve siktelinjer utover gjerdet, som er heilt nødvendig for drifta. Gjerdet er i netting, i dette høvet det beste alternativet sidan ein kan sjå gjennom gjerdet. Arealet i farmen held soleis fram med å verte oppfatta som ein del av kulturlandskapet kring øvre Urens.

## 9. Støpulhaugen



Figur 10 Kyrkja med Støpulhaugen bakom.

### Områdekarakter

Variert område med kulturmark i ulik grad av attgroing.

	Namn	Arealtype	Skjøtselsmål
9a		Slåtte- og beitemark, dels tresett	
9b		Gamle slåttenger i attgroing, ung lauvskog	
9c		Eldre lauvskog	
9d		Gamle slåtteenger i attgroing	
9e		Lauvskog, lite granfelt	

Dette delområdet er der ein finn største tyngda av kulturlandskap med store biologiske verdiar innanfor skjøtselsplanområdet. Det krevjar ein ekstra innsats å ta vare på dette mangfaldet, men det er små areal som ev. vil trenge eige skjøtselsregime. Det er også store verdiar knytt til agrare kulturminne i delområdet. Området har ein fin mosaikk, og er elles verdifullt opplevingsmessig for besökande som vil sjå meir av Ornes enn berre kyrkja.

Teig 9a bør få førsteprioritet i steg ein av skjøtselsplanen, då det er denne som har aller størst visuell påverknad på stavkyrkja.

#### 9a Støpulhaugen gamal slåtte og beitemark i høvesvis bra hevd

Arealet i denne teigen er dels skjøtta gjennom slått og beite. Dei flataste areaala vert slege maskinelt, men graset vert ikkje konsekvent rydda vekk. Elles vert området nytta til vår- og haustbeite. Mykje av engarealet er urterikt, noko som tyder på at hovudforma for drift har vore slått. To små areal i dette området har kontinuitet som slåtteeng tilbake til før 1865, og har ikkje vore jordbearbeidd eller gjødsla med kunstgjødsel sidan då. Desse engene har ein høg verdi for biologisk mangfald. Eit av desse areaala er i høvesvis god hevd. Eit utvald areal er nytta som undersøkingsområde innan forsking på botaniske verdiar i gamle slåtteengar (Hamre et al. 2011, Hamre og Halvorsen 2011). Det andre av desse areaala er i attgroing, men er framleis delvis ope.

#### Tilråding:

- Slått ein gong pr. sesong på opne engareal. Dei flate partia kan slåast maskinelt. Nokre areal som ikkje kan slåast maskinelt bør verte slegne for hand. Areala med lengst kontinuitet bør prioriterast når det gjeld slått for hand (sjå detaljkart). Ein bør nytte ljå og ikkje motorljå på tørrenger. Graset lyt fjernast etter slått for å hindre gjødslingseffekt, og ved det forringje verdiane for biologisk mangfald. Typiske kantsonar, der målet er å halde unna oppslag, kan verte slege med motorljå.
- Halde kantsonar opne ved rydding av oppslag og årleg kantslått
- Fristilling av vegmurar, steingardar og bakkemurar.
- Vår- og haustbeite med sau

#### 9b gamle slåtteteigar

Dette delområdet inneheld ein rekke teigar med gamal slåttemark som no er i attgroing. Siste hevd var storfebeite. Mellom teigane veks i dag yngre lauvskog (som stadig kryp innover slåtteengene), tidlegare var dette hagemark. Urteinnhaldet i engene har truleg gått noko ned i perioden med storfebeite som hovudskjøtselsform, men framleis er hovudinntrykket blomerike enger, dels med mykje prestekrage. Etter opphør av storfebeite går gjengroinga i området no raskt.

- Sikre innsyn til slåtteteigane frå geilen ved å rydde kratt og unge tre i nedkant av teigane
- Rydde fram teigane, rydde tilbake lauvoppslaget som kryp innover frå kantane, heilt tilbake til dei rydda areala.
- Slått av teigar som tillet maskinell slått, graset må fjernast etter slått.
- Setje i stand grindene som gjer det mogleg å kome inn i området frå geilen
- Høg prioritet bør verte gjeve til å rydde for kratt, grovt gras og nitrofile urter i- og langs geilen (både her og vidare inn i teig 9c). Botnen av geilen (vegen) bør verte slege 2-3 gonger pr. sesong.

#### 9c Lauvskog

Område med veletablert lauvskog og ope busksjikt. Dels grasrikt feltsjikt. Mogleg å utnytte som beiteskog. Om ynskjeleg kan skogen tynnast for å betre lysinnstråling og beitetilhøve. Mindre viktig område for landskapsopplevinga.

#### 9d Slåtteenger nytta til beite

Delområdet ligg i hovudsak under stølsvegen, og vert avgrensa av utmarksgjerdet. Ein liten flik ligg i ein tørrbakke på oversida av stølsvegen. Viktigaste vegetasjonstype er eng, men kantsonar er i kraftig gjengroing med bjørk og gråor, og her er og noko einer. Desse areala vart slege for kring 30 år sidan. Etter dette har areala vore haldne opne gjennom beite av sau og storfe. Ei veit går gjennom delområdet. Langs veita veks ung gråor tett i tett, og dannar ein vegg som gjer at ein ikkje har innsyn til den sør-austlege enga frå stølsvegen. Feltsjiktet er i dag grasdominert, og dei mest humide delane har til dels innslag av nitrofile artar. Øvst i denne teigen ligg eit lite areal med lang kontinuitet som slåttemark (sidan før 1865). Dette er tørreng, og arts mangfaldet er høvesvis godt bevart. Enga som ligg i sør-aust (skjult av "gråorhekken" langs veita) har også noko areal med lang kontinuitet som slåttemark, og kan ha ein frøbank som tilseier eit meir urterikt feltsjikt, sjølv om arealet i dag er dominert av gras.

#### Tilrådingar:

- Rydde fram veita, og opne innsynet til heile engarealet
- Fristilling av steingard og vegmuren
- Rydde typisk oppslag, lat større tre stå

- Rydde utkantane av engareala der gråor og bjørk kryp innover
- Skjøtsel ved beitedyr
- Beitepussing for å bekjempe tuedanning. Beitepussar og/eller beite med hest. Gjeld særleg areala på vestsida av veita, som har eit friskt jordsmønn.
- Jamnlege undersøkingar av areala med høg kontinuitet m. tanke på artsinnhald. Kvart 3. år vert tilrådd.
- Ved beitedyr i området *utover* vår og haustbeite bør dei mest artsrike delane av slåtteenga gjerdast ute, og siått av desse areala vert då tilrådd.

#### *9e Bjørkehage i attgroing inkl. mindre granfelt*

Dette arealet har vore ute av drift lenge, men teigen inneheld areal med kontinuitet frå før 1865. Ein finn framleis ein del ope areal som tydeleg er tidlegare slåttemark. Kantsonane er tilgrodde med lauvtre, og vedartar kryp gradvis innover og minskar det opne arealet. I nedkant av teigen (mot sør og sør-vest) er det tettvakse lauvskog som skjermar mot innsyn. Tett opp til stølsvegen (nord i teigen) står eit lite felt med gran. Feltet er skjemmande og dekker også til steingarden som kulturminne. Mot aust og nord-aust ligg skog. Frå midt i teigen og sørover ligg ein knaus som kan minne om Støpulhaugen i utforming, men som er noko mindre. Her ligg ein bjørkehage med ope busksjikt, og framleis ein urterik flora. Teigen er mindre viktig for landskapsopplevinga av Ornes.

Tilråding:

- Fjerning av granfelt
- Fristilling av steingard
- Skjøtsel ved beitedyr og rydding i kantsonar ville vere positivt

#### **15. Ragnvaldshaugen**



*Figur 11 Rangvaldhaugen*

## Områdekarakter

Terregrygg med gravhaug

### Utviklingsmål:

- Etablere kontakt mellom sjøen og vegen.
- Gjere Ragnvaldshaugen synleg frå sjøen, Nedre Urnes, parkeringa og frå vegen opp til Øvre Urnes.
- Få fram dei gamle strukturane i kulturlandskapet som steingardar, tufter, åkrar, veger mm.

	Namn	Arealtype	Skjøtselsmål
15a	Ragnvaldshaugen - lauvskog	Lauvskog	Open beitemark
15b	Ragnvaldshaugen	Gravhaug – kulturminne	Bevaring av kulturminne
15c	Gamal Hagemark –	Hagemark i attgroing	Hagemark

### 15 a Husmannsplassen Laberg - Ragnvaldshaugen

I dag er det ikkje muleg å sjå fjorden frå vegen. Vegetasjonen er veldig tett. Skogen er så tett at det i delar av området knapt er undervegetasjon. Skogen bør tynnast ut. Området bør ryddast for tre og busker. Einskilde tre kan settast att og vekse seg store, men dette bør sjåast i samanheng med sikten mellom vegen og fjorden og sikten mot Ragnvaldshaugen.

I området er det fleire gamle åkrar, steingardar, tufter og stiar.

I grensa mot område 2 er det ein steingard. Kantsona mot steingarden bør ryddast for tre og busker slik at den kjem fram. Gjennom området går den gamle vegen frå Nedre Urnes og sørover mot Bakkane.

Husmannsplassen Laberg hadde små hus og små åkerlappar. Ved å rydde fram tufter, steingardar og andre strukturer kan ein få fram både yngre og eldre historie om Ornes.

### 15b – Ragnvaldshaugen

Ragnvaldshaugen er monumental. Den har tidlegare vore godt synleg ned mot fjorden som ein markør saman med Skiphaug i område 2. Haugen er om lag 20 m i tverrmål og 4 m høg i dag. Haugen er synleg på utsiktsskartet frå 1865. Ut i frå funn i gravhaugen er det mogleg å tidfeste den til eldre jarnalder.

På gravhaugen står det gamle bjørker. Dei byrjar å bli gamle. Dersom ein framleis ønskjer å ha bjørker på gravhaugen er tida inne for å fornye bjørkene. Bjørkene som står der er prega av at dei har vore styva. Ved ev. etablering av nye bjørker bør dei styvast slik at dei også får eit slikt preg.

### 15c – Lauvskog, tidlegare bjørkehage

Området er ein gammal bjørkehage med søyleeiner. Mange av dei gamle bjørkene har spor av styving. Vegetasjonen i området er svært tett og søyleeinen er for det meste død. Skjøtsel av området ved å tynne ut skogen for å få ein meir lysopen bjørkeskog. Området er og aktuelt for å ale fram virke til det lokale sagbruket.

Steingardane mellom område 15 og 5 og område 15 og 2 har kontinuitet tilbake til 1865. Dei ligg inne i utskiftingskartet for garden Urnes. Murane bør fristilles ved å aktivt skjøtte vegetasjonen inn mot steingarden, spesielt den mot område 2. Store tre bør fjernast, det sam gjeld busk og kratt.

## 16. Strandsone mot nordvest



Figur 12 Delområde 16 til venster i biletet består av tett, rikare lauvskog. Inne i skogen er gjemt kulturspor som steingardar og bakkemurar.

### Områdekarakter

Strandsone utan vesentlege inngrep

	Namn	Arealtype	Skjøtselsmål
16a	Strandsone	Strandsone med skog	strandsone

### 16a. Strandsone med skog

Skogen bør tynnast ut slik at det vert kontakt mellom fjorden og tuna på Nedre Urnes.

## 4 Referansar

- Bøthun, S. W. og Skjerdal, I. in. prep. Skjøtselsplan for Ornes, del I og del II. Aurland Naturverkstad rapport.
- Hamre, L. N. 2009. Land-cover changes in a western Norwegian cultural landscape : impact on plant species diversity, composition and population dynamics. Ph.d. Avhandling, Nat. Mat. Fak. Universitetet i Oslo, 2009.
- Hamre, L., Domaas, S. t., Austad, I. og Rydgren, K. 2007. Land-cover and structural changes in a western Norwegian cultural landscape since 1865, base don an old cascadal map and a field study. *Landscape Ecol.* (2007) 22: 1563-1574.
- Hamre, L. N., Halvorsen, R., Edvardsen, E og Rydgren, K. 2009 c. Patterns of variation i habitat specificity and spescies composition among patches in a W Norwegian agricultural landscape. In: Hamre, L. N. 2009. Land-cover changes in a western Norwegian cultural landscape : impact on plant species diversity, composition and population dynamics. Ph.d. Avhandling, Nat. Mat. Fak. Universitetet i Oslo, 2009.
- Hamre, L. N., Halvorsen, R. 2009 d. Species composition and succession og semi-natural grasslands: effects of environmental, historical and spatial factors. In: Hamre, L. N. 2009. Land-cover changes in a western Norwegian cultural landscape : impact on plant species diversity, composition and population dynamics. Ph.d. Avhandling, Nat. Mat. Fak. Universitetet i Oslo, 2009.
- Kålås, J.A., Viken, Å., Henriksen, S. og Skjelseth, S. (red.). 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Norge.
- Skjerdal, I.B. 2009, Fagrapporrt for områdeforvaltning av Ornes i Luster kommune. Aurland Naturverkstad rapport 2/2009.